

Bergen, 19.12.2014

Kommentarar til regional vassforvaltningsplan for Hordaland

Desse kommentarane blei send til Samarbeidsrådet for biologisk mangfald (SABIMA) 3. desember 2014 som utarbeider eit samordna uttale til dei regionale vassforvaltningsplanane.

Generelt

Bra samandrag av handlingsplan, men detaljane manglar.

Utfordringar (tillegg)

- Grøne sertifikat som premierer ulønsam småkraftutbygging er eit stort problem og eit trugsmål mot naturmangfaldet og livet i vatn og vassdrag.
- Sterkt (90%) redusert vassføring aukar konsentrasjonen av nærings salt og forureining i vatn og vaassdrag, og kan vera i strid med EU sitt vassdirektiv – kan klaga til overvåkingsorganet ESA (European Surveillance Agency)
- Elvemuslingen er truga av vasskraft- og industriutbygging i fleire vassdrag i Hordaland, særleg kritisk er det i Haukåsvassdraget i Bergen.

Tiltak (tillegg)

- Grøne sertifikat må etter 2017 når prøveperioden går ut, erstattast av kvite sertifikat, som premierer energisparing og ENØK-tiltak, og rettar opp skaden som er blitt påført ved nedtapping av vatn og redusert vassføring.
- Skadene som er påført elvemuslingbestandane, må rettast opp att ved å skapa nye habitatar (leveområde) for dei.

for Naturvernforbundet Hordaland

Oddvar Skre
leiar naturmangfaldgruppa
oddvar@nmvskre.no